



Statistikk for museum 2021

Kulturrådet samlar inn, behandler og publiserer statistikk frå norske museum. Det er eit nært samarbeid med Statistisk sentralbyrå, og museumsdata går inn i Noregs offisielle statistikk.

Utgjeve av Kulturrådet

ISBN: 978-82-8105-164-5

Kulturrådet

Postboks 4808 Nydalen
0422 Oslo

Foto: Eirik Linder Aspelund

Bildetekst: Propellen til MS Finnmarken frå 1956
på Hurtigrutemuseet, Stokmarknes.

Tlf: +47 21 04 58 00
post@kulturradet.no
www.kulturradet.no

Innhold

Statistikk for museum 2021	4
Museumsdrift	5
Årsverk	7
Besøk	9
Udstillingar og formidling	13
Forsking og fagleg samarbeid	15
Forvalting av samlingar	17
Fylkesvise tabellar	26

Statistikk for museum 2021

Statistikk 2021 for norske museum blei samla inn i februar og mars 2022 og femner om museum med minst eitt fast årsverk i 2021. Museumsstatistikken skal gi eit oversyn over norske museum, og syner informasjon om museumsinstitusjonane, besøk og tilgang, formidling og utstillingar, forsking og samarbeid, forvalting av bygningar og samlingar. Talmaterialet femner om i alt 106 museum. Av desse fekk 69 museum driftstilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Dei 37 andre musea er mellom anna samiske museum, kommunale museum, universitetsmuseum og museum under andre departement.


Talet på museum som rapporterer varierer litt frå år til år. For musea under Kultur- og likestillingsdepartementet heng statistikkrapporteringa saman med det årlege søknads- og rapporteringsarbeidet til departementet, og ev. endringar for denne delen av populasjonen skjer i hovudsak berre om tidlegare sjølvstendige museumseiningar blir slegne saman. I den andre gruppa museum er nokre av dei små musea litt ustabile med innrapportering slik at dei fell ut innimellom.

Rapporten er konsentrert om fem område. Den første delen omtalar drift, organisasjonsform, økonomi og tilsette. Del to presenterer publikumstal og tilgang til musea. Dei neste delane gir informasjon om tre av kjerneoppgåvene til musea: formidling, forsking og forvalting.

Museumsdrift

Ser vi attende til 2005 har tal institusjonar som er med i museumsstatistikken gått ned frå 188 museum. I 2010 rapporterte 137 museum, i 2015 var det med 116 museum i statistikken, og no for 2021 altså 106 museum. Denne store nedgangen i rapporterande museumseiningar skuldast i hovudsak konsolideringsprosessar der tidlegare sjølvstendige museum har gått saman i større organisasjonar. Over heile landet har desse prosessane gripe inn i eigarstrukturar, eigedomsforhold, organisasjonsform og organisering.

↓ Figur 1 – Organisasjonsform 2021



I 2021 var 61 prosent av musea organiserte som stiftingar, 22 prosent var offentlege verksemder/selskapsformer, 14 prosent aksjeselskap og 3 prosent var foreining/lag. Det vil seie at det ikkje var vesentlege endringar av organisasjonsform frå året før. I hovudsak gir dette eit bilet av korleis museumsdrifta er organisert, medan organisasjonsforma på overordna nivå gir mindre informasjon om formelt eigarskap til bygningar og samlingar. Mange stader er dei gamle museumsstiftingane (såkalla eigarstiftingar) framleis formelle eigarar av bygningar og samlingar.

Dei 106 musea rapporterte om i alt 584 interne besøksarenaer. Etter ei tematisk inndeling var det 453 kulturhistoriske arenaer, 58 arenaer som formidla kunst/kunsthistorie/designhistorie, 29 arenaer som formidla naturhistorie og 11 arenaer arkeologi. I tillegg var det oppgitt at 30 arenaer var eit teknisk industrielt anlegg.

Økonomi

Lønns- og pensjonskostnader var den største utgiftsposten med samla 47 prosent av kostnadene. Husleige og avskrivningar utgjorde i alt 16 prosent. Utgiftsfordelinga viser at musea har ein kostnadsstruktur med høge faste utgifter. Til samanlikning utgjorde dei ordinære offentlege driftstilskota 69 prosent av dei samla driftsinntektene.


Medrekna prosjekttilskot var samla offentleg tilskot til musea 79 prosent av inntektsgrunnlaget i 2021. Offentlege tilskot til musea var om lag 5,45 milliardar

kroner i 2021, noko som utgjer 1005 kroner per innbyggjar. Tala både for 2020 og 2021 gjer tydeleg at koronakrisa fekk negativ verknad for dei publikumsdrivne eigeninntektene i museumssektoren, m.a. billettinntekter og inntekter frå museumsbutikk og kafédrift.

» Tabell 2 – Utvikling og fordeling av inntekter (i heile mill.)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Ordinært offentleg tilskot	2 399	2 464	2 626	2 706	2 888	3 110	3 133	3 299	3 418	3 771	4 196	4 751
Andre eigeninntekter	451	411	410	407	410	457	389	436	442	429	453	518
Billettinntekter	258	286	286	272	323	331	351	397	399	401	197	235
Varer og tenester	308	324	335	387	430	456	473	547	512	575	329	394
Ekstra offentleg tilskot	203	299	236	323	279	269	435	338	399	417	679	699
Sponsorinntekter og gåver	116	193	111	120	132	160	133	159	272	274	241	240
I alt	3 735	3 977	4 004	4 215	4 462	4 783	4 914	5 176	5 442	5 867	6 095	6 837

» Figur 3 – Prosentvis fordeling av inntekter



Totalt hadde musea eigeninntekter på 1,4 milliardar kroner i 2021, mot 1,2 milliardar året før og 1,7 milliardar i 2019. Eigeninntektene utgjorde 21 prosent av dei totale inntektene, samanlikna med 19 prosent året før og 29 prosent i 2019.


Musea fekk 240 millionar i sponsorinntekter og gåver i 2021 (om lag det same som i 2020), og dette utgjorde 4 prosent av musea sine inntekter.

For å kompensere for tapte inntekter under koronapandemien har mange av musea under Kultur- og likestillingsdepartementet fått tildelt eingangsmidlar for å unngå nedstenging og for å stimulere til aktivitet. Andre museum har kvalifisert for dei generelle kompensasjons-/stimuleringsordningane for kultursektoren. Samla sett gir resultatet inntrykk av ein sektor som trass i store utfordringar under pandemien, har kome økonomisk heilskinna gjennom åra 2020 og 2021.

↓ Tabell 4 – Utvikling og fordeling av utgifter (i heile mill.)

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Løn	1 798	1 936	2 051	2 175	2 229	2 237	2 381	2 469	2 598	2 535	2 846
Pensjon	149	207	189	205	247	220	237	262	279	272	302
Andre utgifter	678	691	794	838	899	985	974	1 015	1 123	1 073	1 201
Husleige	398	417	372	443	489	456	511	515	574	680	967
Varer og tenester	297	332	366	382	354	367	392	423	511	411	607
Drift/vedlikehald av lokale	297	325	324	307	357	418	448	424	494	497	643
Avskrivninger	88	80	73	77	85	98	100	102	110	127	120
I alt	3 705	3 988	4 169	4 427	4 661	4 780	5 042	5 209	5 690	5 596	6 687

↓ Figur 5 – Prosentvis fordeling av utgifter




Årsverk


I 2021 vart det rapportert om 4 427 lønna årsverk i norske musea. Av desse var 3 533 faste årsverk. Dei ti siste åra har talet på årsverk i faste stillingar auka jamt. Talet på årsverk i andre lønna stillingar var 894 i 2021, ein auke frå 818 i 2020 då musea var noko avventande med sesongtilsetjingar for det ein venta ville bli ein redusert sommarsesong grunna koronapandemien. Det kan synast som musea var noko meir optimistiske i 2021.

Musea rapporterer også om frivillig innsats omrekna til årsverk. For 2021 rapporterte musea om samla 167 frivillige årsverk. Talet er på veg opp att, men viser framleis ein markant nedgang i høve til 231 slike årsverk i 2019. Også denne nedgangen skuldast koronapandemien, og dei avgrensingane smittevernreglar sette for tilgangen til musea. Ikkje minst har dette slått ut i høve til den dugnadsinnsatsen som blir lagt ned i samband med ulike arrangement på musea, og annan frivillig innsats på ulike område.

↓ Figur 6 – Utvikling tal årsverk



↓ Figur 7 – Fordeling av årsverk



Personale

I 2021 stod kvinner for 57 prosent av årsverka i faste stillinger. Kvinner utførte 50 av årsverka som dagleg leiar, medan menn utførte 71 prosent av årsverka i dei tekniske stillingane. Kvinnene dominerte i dei administrative årsverka og i dei kunst-, kultur- og naturfaglege årsverka, med høvesvis 72 prosent og 60 prosent. Fordelinga mellom administrative, faglege og tekniske årsverk har endra seg noko sidan dette kom med i statistikken i 2006. Det er særskilt delen faglege årsverk som har gått opp, medan delen årsverk for teknisk personale har gått ned. I museumsstyra var 49 prosent kvinner og 51 prosent menn. Av styreleiarane var 68 prosent menn.

Besøk


I 2021 hadde dei rapporterande musea 6,5 millionar besøk, det vil seie at det samla besøkstalet har snudd til vekst i høve til det første pandemiåret 2020 då besøkstalet berre var 5,1 millionar. Framleis er det langt att til å nå eit besøksnivå på kring 11 millionar slik det var dei siste åra før pandemien. Besøkstalet for gruppa barn og unge gjekk opp med 36 prosent frå 2020, men talet var framleis 28 prosent lågare enn i 2019. Talet for besøk av vaksne gjekk opp 22,6 prosent frå 2020, men i høve til 2019 var det ein nedgang på 44,3 prosent. Kategorien gruppebesøk vaksne auka med 41 prosent frå året før, og den same prosentvise auken var det for kategorien gruppebesøk barn og unge. Einskildbesøk vaksne auka med 21,2 prosent og einskildbesøk barn og unge auka med 32,6 prosent frå året før. For fylkesvise endringar i perioden 2019-2021 viser vi til Tabell 8.

» Tabell 8 – Endring i tal på besøk

	2019-2020	2020-2021	2019-2021
Viken	-30 %	22 %	-15 %
Vestfold og Telemark	-32 %	3 %	-30 %
Trøndelag	-41 %	1 %	-41 %
Innlandet	-42 %	30 %	-25 %
Agder	-44 %	24 %	-31 %
Nordland	-47 %	22 %	-35 %
Møre og Romsdal	-49 %	14 %	-42 %
Rogaland	-50 %	28 %	-36 %
Troms og Finnmark	-57 %	6 %	-54 %
Vestland	-60 %	153 %	1 %
Oslo	-65 %	20 %	-58 %
Svalbard	-66 %	-13 %	-70 %
I alt	-53 %	29 %	-39 %

20 museum hadde besøkstal over 100 000, jf. tabell 29. Desse musea hadde om lag 60 prosent av det samla besøkstalet. 17 museum hadde registrert mindre enn 10 000 besøk, og 5 museum rapporterte ikkje besøkstal for 2021. Flest besøk hadde Oslo med 1,8 mill., dvs. 2,5 besøk per innbyggjar. Landsgjennomsnittet var på 1,2 besøk per innbyggjar. 2 museum hadde gratis inngang for alle heile året. For dei musea som tok inngangspengar var gjennomsnittsprisen for ein vaksenbillett 106 kroner, medan gjennomsnittspris for barnebillett var 59 kroner. DigitaltMuseum, som gir digital tilgang til musea sine samlingar, hadde i 2021 besøkstal på 5 millionar, det same som året før. I 2021 var det om lag 18,3 millionar besøk på musea sine heimesider.

↓ Figur 9 – Besøk (i heile mill.)



↓ Tabell 10 - Best besøkte museumsarenaer (arenaer med meir enn 50 000 besøk)


	Besøk 2021
Naturhistorisk museum (UiO), Botanisk hage utandørs utstillingar	661 846
Universitetsmuseet (UiB), Naturhistorie	324 139
MUNCH	201 765
Universitetsmuseet (UiB), Kulturhistorie	201 347
Blaafarveværket/Historisk omvising/Haugfossen rundt	163 779
NTNU Vitenskapsmuseet	139 016
Maihaugen	116 451
Kistefos-Museet	111 930
Nidaros Domkirke (Nidarosdomen)	110 445
Norsk Folkemuseum	108 752
Norsk Teknisk Museum	105 929
Norsk vegmuseum	87 111
KODE Kunstmuseer	82 018
Naturhistorisk museum (UiO), innandørs utstillingar	70 450
Norsk Oljemuseum	64 814
Baroniet Rosendal	64 500
Frammuseet	59 687
Kystartillerimuseet - Oscarsborg festning	57 500
Skimuseet i Holmenkollen	56 393
Vikingskipshuset	55 349
Astrup Fearnley Museet	55 092
Romsdalsmuseet	52 495
Vitenparken Campus Ås	50 450

Barn og unge

Musea legg stor vekt på å ha eit godt tilbod til det yngste publikummet og samarbeider med skulane om besøk og formidling. 82 prosent av musea hadde ein plan for formidling retta mot barn og unge.

Barn og unge stod for 1,65 millionar av museumsbesøka i 2021. Dette svarar til 25 prosent av det totale besøket. 519 000 barn og unge deltok i organisert undervisning i 2021 mot 391 068 i 2020 og 821 800 i 2019. Talet på barn og unge som var med på tiltak i regi av Den kulturelle skulesekken har gått attende kvart år i perioden frå 2010 (då om lag 380 000 barn deltok) til 2017. I 2018 gjekk talet opp, og det heldt seg på om lag same nivå i 2019 då 238 000 barn var med på slike tiltak. I 2020 var deltakartalet om lag 136 000 og i 2021 om lag 142 000.


» Figur 11 – Barn og unge som har delteke i pedagogiske tiltak (i heile 1000)



Rapporteringa viser at musea har stor breidde i digital formidlingsaktivitet, jf. figur 11.2, og noko av dette tilboden er også særskilt retta til barn og unge. 94 % av musea driv ei eller anna form for formidling og dialog i sosiale medium, og dei fleste musea tilbyr tilgang til samlingar, fagstoff og utstillingar digitalt.

Det blei også rapportert inn digitale brukartal, men grunna usikre måleverktøy og standardar for dette blir ikkje tala for 2021 publiserte.

» Figur 11.2 Digitale formidlingstilbod



» Figur 12 – Tal besök på DigitaltMuseum (i heile 1000)



Utstillingar og formidling

Gjennom målretta tilrettelegging og nyskapande formidling skal musea fremje innsikt og refleksjon. Den viktigaste formidlingskanalen er utstillingane. Koronapandemien, med i periodevis stengde museum og smittevernreglar som sette grenser for publikumsbesøk, verka inn på formidlingsaktiviteten også i dette året. Tala i rapporteringa viser at det i 2021 jamt over var aktivitetsauke i høve til 2020, men at det framleis var redusert aktivitet i høve til 2019.


Utstillingar og formidling

I 2021 hadde musea i alt 2 445 utstillingar mot 2 240 året før, og av desse vart 869 opna i løpet av 2021, mot 649 året før. Musea rapporterte i tillegg om 188 eigenproduserte vandreutstillingar, av desse var 45 nyproduserte i rapporteringsåret. Utstillingstilbodet i 2021 har såleis nesten nådd opp att til 2019-nivå.

Opne møte, konserter, teater

Desse arrangementa er ein viktig del av rolla musea har som kunnskapsarenaer og som møteplassar i lokalsamfunnet. Tala for 2020 synte at denne typen arrangement då blei hardt ramma av koronapandemien. Musea melde at dei i 2021 hadde 5 589 opne møte (2020: 4 444), 1 351 (2020: 607) konserter og 1 504 (2020: 1 299) framsyningar av 244 (2020: 162) teateroppsetjingar. Talet på opne møte har auka gjennom dei siste ti åra, men blei nær halvert frå 2019 til 2020.

↳ Figur 13 – Tal utstillingar




Universell utforming

Når det gjeld fysisk tilrettelegging, er omsynet til bevaring ei utfordring for mange av musea. 88 prosent av musea opplyser for 2021 at dei har tilrettelagde lokale, med for eksempel teleslynge, heis for rullestolbrukskarar og rullestolrampar. 78 prosent av musea hadde formidling som var lagt til rette for menneske med nedsett funksjonsevne, til dømes merking med blindeskrift, teiknspråk, storskrift og lettlesen informasjon.

Tala for universell utforming i musea på overordna nivå er omtrent som året før, men dersom ein ser på tal frå dei einskilde, interne arenaene, er tala lågare. Halvparten (51 pst.) av arenaene er fysisk lagt til rette, og ved 40 prosent av dei er formidlinga lagt til rette.

Då ikkje alle har tilgang til alle museumsbygg og anlegg, blir det særskilt viktig at nettsidene til musea er utforma slik at fleire kan ta del i tilbodet. Musea blir spurde om heimesidene deira følgjer regelverket for universell utforming av IKT. 76 prosent av musea meldte at heimesidene deira følgjer desse retningslinene. Dette er omtrent som i 2020.

↳ Figur 14 – Universell utforming



Forsking og fagleg samarbeid

Forsking

Forsking og kunnskapsutvikling er eit nødvendig fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Talet på tilsette med doktorgrad har vore stigande dei siste åra. I 2021 vart det rapportert om 383 tilsette med doktorgrad, ein auke frå 371 året før. 67 prosent av dei tilsette med doktorgrad arbeidde ved eitt av dei sju universitetsmusea. Talet publikasjonar totalt har gått opp, og særskilt har det vore auke for fagfellevurderte forskingsartiklar.


Talet på publiserte forskingsartiklar med fagfellevurdering var 604 i 2021 mot 653 året før. Forsking er langsiktig arbeid, og tal publiseringar varierer noko frå år til år.

62 av musea rapporterte om tilsette med doktorgrad. Det er universitetsmusea som har flest tilsette med doktorgrad, og desse musea stod også for 85 prosent av dei fagfellevurderte forskingsartiklane.

Fagleg samarbeid

69 museum har vore med i eitt eller fleire forskings- og utviklingsprosjekt i 2021, mot 65 året før. Musea rapporterte om til saman 479 prosjektdeltakingar. Dei faglege og tematiske museumsnettverka har vore viktige plattformer for den faglege utviklinga i musea i fleire år. Av dei 106 musea i statistikken deltok 52 museum i eitt eller fleire samarbeidsprosjekt i regi av museumsnettverka. Fleire av desse prosjekta kan vere samanfallande med dei allereie omtala FoU-prosjekta.

↳ Figur 15 – Formell kompetanse




Utlån

Tala for utlån frå samlingane syner at 62 av musea lånte ut i alt 8 769 gjenstandar til andre museum i 2021. I tillegg lårer musea også ut fotografi, både til andre museum og til institusjonar utanfor museumssektoren.


Forvalting av samlingar

Musea forvaltar og formidlar store samlingar. I alt blei det for 2021 rapportert om 23,7 millionar gjenstandar og 47,1 millionar fotografi. Den store auken av fotografi frå året før, skuldast i hovudsak at eitt museum overtok ansvaret for eit stort fotoarkiv. 78 museum forvalta i alt 5 048 kulturhistoriske bygningar i 2021, og 38 museum rapporterte om totalt 97 teknisk industrielle anlegg. 47 av musea forvalta 181 ulike kulturlandskap, med eit samla brutto areal på om lag 31 483 dekar, og 50 av musea hadde ansvar for 221 hageanlegg, totalt om lag 3 392 dekar. I tillegg til at musea forvaltar desse samlingane, har musea store samlingar av private arkiv. Dette går fram av statistikk som for arkivområdet blir publisert av Riksarkivet.

» Figur 16 – Fordeling av gjenstandar og fotografi (i mill.)




↓ Figur 17 – Årleg tilvekst av gjenstandar




↓ Figur 18 – Årleg tilvekst av fotografi (i heile 1 000)




↳ Figur 19 - Fotografi del som er tilfredsstillende registrert, digitalisert og publisert




↳ Figur 20 – Kunsthistoriske gjenstandar, del som er tilfredsstillande registrert, digitalisert og publisert (2)




↳ Figur 21 – Kulturhistoriske gjenstandar, del som er tilfredsstillande registrert, digitalisert og publisert



↳ Figur 22 – Arkeologiske gjenstandar, del som er tilfredsstillande registrert, digitalisert og publisert




↳ Figur 23 – Naturhistoriske gjenstandar, del som er registrert, digitalisert og publisert




↳ Figur 24 – Oppbevaring kunsthistoriske gjenstandar




↳ Figur 25 - Oppbevaring kulturhistoriske gjenstandar




↳ Figur 26 - Oppbevaring arkeologiske gjenstandar



↳ Figur 27 - Oppbevaring naturhistoriske gjenstandar



↳ Figur 28 - Oppbevaring fotografier



↓ Tabell 29 – Besøk, samlingar og årsverk per museum

	Besøk 2021	Gjenstandar	Fotografi	Lønna årsverk
Anno museum	119 156	177 700	4 572 633	131,28
Árran Lulesamisk senter / Árran - julevsáme guovdásj	2 387	16 091	22 300	6,35
Astrup Fearnley Museet	55 092	1 529	-	16
Aust-Agder museum og arkiv	42 013	75 905	91 437	55,68
Baroniet Rosendal	64 500	12 700	500	20
Blaafarveværket	227 989	1 396	-	37,62
Bredalsholmen dokk og fartøyvernssenter	600	15	-	25,1
Buskerudmuseet	56 304	109 041	272 373	51,17
Bymuseet i Bergen	43 227	92 470	88 287	58,66
Dalane folkemuseum	41 581	46 151	106 943	14,6
Davvi álbomgiid guovddáš OS / Senter for nordlige folk	-	97	17	2
Det Internasjonale Barnekunstmuseet	3 175	150 000	-	3
Drammens museum for kunst og kulturhistorie	24 554	53 000	100 000	12,3
Falstadcenteret	19 785	857	2 550	19
Forsvarets museer	116 565	120 000	328 000	46,6
Frammuseet	59 687	1 420	9 900	16
Galleri F15	23 243	23	22 044	15
Gudbrandsdalsmusea	67 748	13 949	269 991	10,35
Hardanger og Voss museum	32 024	52 281	94 604	62,14
Haugalandmuseet	19 573	82 800	672 000	21,71
Helgeland Museum	70 521	119 563	589 061	38,2
Henie Onstad Kunstsenter	42 633	7 903	681	25,3
Horg Bygdatun og Museumslag	-	5 237	320	2
Ishavsmuseet Aarvak	3 591	5 125	70 335	3,5
Justismuseet	4 414	22 542	10 235	5,85
Jærmuseet	187 319	51 032	355 684	72,24
Jødisk Museum i Oslo	3 409	2 913	6 900	7
Jødisk museum Trondheim	5 945	2 935	8 500	3,45
Kistefos-Museet	111 930	425	1 943	12,9
KODE Kunstmuseer og komponisthjem	103 233	53 401	141	67,35
Kon-Tiki Museet	-	-	-	0
Kraftmuseet	18 430	12 201	155 494	16,13
Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo	84 198	2 874 989	1 025 489	196,7
Lillehammer museum	174 191	91 645	508 771	91,05
Mia Museene i Akershus	129 901	68 466	4 569 993	109,28
Midt-Troms Museum	11 170	30 375	67 585	15,7
Mjøsmuseet	47 187	31 473	820 250	29,55
MUNCH	201 765	41 217	379	155,31
Musea i Sogn og Fjordane	34 717	125 878	37 201	64,94
Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark	14 786	9 148	27 364	22,68
Museene i Sør-Trøndelag	196 523	227 880	5 231 602	186,45
Museet Midt	34 874	22 121	8 943	37,99
Museum Nord	129 197	82 466	401 648	83,69
Museum Stavanger	109 640	130 428	64 373	57,83
Museum Vest	96 615	33 651	109 851	63,7
Museumssenteret i Hordaland	15 945	40 609	17 763	43,06
Narvik Krigsmuseum & Narviksenteret m/Narvik Krigsmuseum	26 462	29 761	8 533	14,5
Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design	79 341	408 545	-	268,72
Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo	762 513	6 009 000	-	159,91
Naturmuseum og botanisk hage - Universitetet i Agder	-	119 264	4 503	19
Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider	134 268	13 045	20 000	58,3
Nobels Fredssenter	39 605	1	-	22,6
Nord-Troms Museum	4 847	19 270	52 780	9
Nordisk Bibelmuseum	586	6 711	-	2

	Besøk 202	Gjenstandar	Fotografi	Lønna årsverk
Nordlandsmuseet	59 521	48 017	276 318	53,6
Nordmøre museum	60 528	45 786	233 590	29,5
Nordnorsk Kunstmuseum	8 873	2 250	-	11,18
Norges Arktiske Universitetsmuseum	80 669	920 492	376 723	94,94
Norsk Bergverksmuseum	29 309	53 018	37 136	24,65
Norsk bremuseum	16 342	4	44	4,25
Norsk Folkemuseum	152 174	340 214	2 550 000	209,31
Norsk Industriarbeidermuseum	71 733	17 248	585 010	42,3
Norsk Jernbanemuseum	12 774	10 291	44 730	35
Norsk Luftfartsmuseum	36 094	16 515	66 290	28,38
Norsk Oljemuseum	64 814	6 904	107 000	25,2
Norsk Skogfinsk Museum	13 445	35 200	364 000	4,8
Norsk Teknisk Museum	107 443	91 824	2 582 950	64,2
Norsk Tindemuseum	19 226	6 940	12 925	6
Norsk vegmuseum	87 111	19 388	60 000	28,4
NTNU Vitenskapsmuseet	139 016	3 470 630	75	142,2
Nynorsk kultursentrums	24 771	7 456	688	23,83
Næs Jernverksmuseum	13 280	8 323	96	8,16
Oppdalsmuseet	1 218	5 000	-	2,4
Oslo Iadegård & Oslo Iadegård - Kulturetaten	997	-	-	3
Oslo Museum	33 155	40 445	987 230	35,63
Oslo Skolemuseum	2 239	2 956	-	3,1
Perspektivet Museum	12 089	15 442	79 159	7,8
Preus museum	29 336	59 607	300 000	15,8
Randsfjordmuseene	21 180	30 892	93 111	17,25
RidduDuottarMuseat	9 942	11 442	24 470	20,5
Romsdalsmuseet	80 807	28 172	1 470 800	28,47
Ryfylkemuseet	14 585	21 715	140 597	15,81
Skibladner	11 224	-	-	14,5
Skimuseet i Holmenkollen	56 393	3 473	2 000	7
Stabburnes Naturhus og Museum	-	161	-	0
Stiftelsen Saemien Sijte	973	723	2 136	12,91
Stiftelsen Tana og Varanger Museumssienda - Deanu ja Várjat Museasidda	19 458	6 511	18 996	14,71
Stiklestad Nasjonale Kultursenter	34 022	78 624	1 219 749	51
Sunnhordland Museum	79 977	22 761	31 236	8,91
Svalbard museum	14 421	54 460	272 794	9,05
Sør-Troms Museum	25 076	48 582	59 516	26,74
Sørlandets Kunstmuseum	20 394	1 806	-	31,75
Telemark Museum	38 458	109 059	2 686 063	39,67
Universitetet i Stavanger, Arkeologisk museum	-	1 481 387	212 535	121
Universitetsmuseet i Bergen	525 486	4 434 813	307 232	152,95
Valdresmusea	28 572	29 092	399 192	19,88
Varanger museum	45 834	28 379	434 078	23,75
Vardobáiki museum	1 755	663	3 000	4,05
Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum	26 437	3 193	6 502	27,08
Vest-Agder-museet	89 754	59 383	212 863	53,45
Vest-Telemark museum	29 400	24 253	111 149	19,84
Vestfoldmuseene	102 170	72 282	2 915 204	78,5
Vigeland-museet	8 778	22 100	-	8,45
Vitenparken Campus Ås	50 450	8 491	324 694	23,2
Viti	32 796	32 318	5 000 000	45
Østfoldmuseene	107 648	117 708	1 630 037	57,2

Fylkesvise tabellar

» Tabell 30 – Organisasjonsform

	Tal eininger	Stifting	Aksjeselskap	Statleg verksemrd	Interkommunalt selskap	Kommunal verksemrd	Foreining/lag
Agder	6	3	-	1	2	-	-
Innlandet	10	2	6	2	-	-	-
Møre og Romsdal	6	6	-	-	-	-	-
Nordland	6	6	-	-	-	-	-
Oslo	19	10	1	3	-	4	1
Rogaland	7	4	2	1	-	-	-
Svalbard	1	1	-	-	-	-	-
Troms og Finnmark	14	7	3	1	3	-	-
Trøndelag	11	3	2	2	1	1	2
Vestfold og Telemark	5	4	-	-	1	-	-
Vestland	11	10	-	1	-	-	-
Viken	10	9	1	-	-	-	-
I alt	106	65	15	11	7	5	3

» Tabel 31 – Inntekter (i heile 1 000)

	Tal innbyg- Billettin- gjær	Varer og Sponsor- tjenester inntekter	Gåver	Andre ei- geninn- tekter	Ordinært driftstilkot frå staten	Ordinært driftstilkot skot frå kommunen	Ordinært driftstilkot skot i alt	Ekstra tilskot frå fylkes- kommunen	Ekstra tilskot frå kommunen	Ekstra tilskot frå kommunen	Ei- geninn- tekter som del i alt inntekter	Ordinært driftstilkot per innbyg- gjær				
Agder	311 134	4 282	26 375	0	2 1721	9 059	87 551	33 788	29 956	151 295	12 677	8 232	6 407	240 048	26 %	kr 486
Innlandet	371 253	26 188	25 692	2 155	8 166	24 420	280 469	40 047	21 150	341 666	48 204	8 165	3 755	488 411	18 %	kr 920
Møre og Romsdal	265 848	4 914	21 676	1 337	6 667	3 385	68 565	25 168	16 306	110 039	15 752	4 820	1 440	170 030	22 %	kr 414
Nordland	240 190	22 559	33 734	395	7	48 262	99 197	24 841	29 235	153 273	26 428	1 053	906	286 617	37 %	kr 638
Oslo	699 827	62 077	99 398	28 806	61 252	157 328	1 654 446	0	383 946	2 038 392	91 555	0	2 198	2 541 006	16 %	kr 2 913
Rogaland	485 797	10 752	22 901	6 588	3 497	64 083	151 252	43 247	49 403	243 902	26 035	4 063	6 034	387 855	28 %	kr 502
Sør-Trøndelag	474 131	29 568	43 839	1 210	8 728	121 253	391 751	56 358	27 574	475 683	50 892	16 162	28 633	775 968	26 %	kr 1 003
Vestfold og Telemark	424 832	10 324	15 625	1 551	14 185	882	100 305	44 171	28 659	173 135	67 590	8 924	5 815	298 031	14 %	kr 408
Vestland	641 292	26 554	34 781	8 646	10 038	65 703	322 676	68 680	115 447	506 803	76 416	10 592	9 927	749 460	19 %	kr 790
Viken	1 269 230	29 908	53 283	4 798	50 036	21 649	168 965	80 739	52 453	302 157	57 529	18 789	9 132	547 281	29 %	kr 238
I alt	5 425 270	235 366	394 471	55 803	184 317	517 561	3 538 341	433 695	778 745	4 750 781	536 710	86 918	75 844	6 837 771	20 %	kr 876

↓ Tabell 32 – Utgifter (i heile 1 000)

	Varer og tenester	Løn	Pensjon	Drift av lokale	Vedlikehald av lokale	Husleige	Avskri- vingar	Andre driftskost- nadar	Samla driftskost- nadar
Agder	12 144	116 359	8 345	8 444	11 972	2 980	3 875	60 369	224 488
Innlandet	34 117	231 181	24 570	28 119	41 979	12 820	9 403	89 623	471 812
Møre og Romsdal	16 099	84 260	9 184	9 494	6 283	3 640	6 047	38 219	173 226
Nordland	12 235	120 611	14 193	20 472	23 285	25 844	13 512	47 214	277 366
Oslo	271 361	898 970	88 400	62 006	53 047	666 970	31 944	430 062	2 502 760
Rogaland	40 872	195 013	19 120	18 644	15 351	15 715	5 179	67 364	377 258
Troms og Finnmark	14 007	167 493	19 118	11 756	4 849	30 077	2 656	57 389	307 345
Trøndelag	79 079	336 943	39 678	29 745	95 599	65 981	4 000	102 693	753 718
Vestfold og Telemark	48 563	128 012	11 703	19 633	18 391	6 682	6 118	51 470	290 572
Vestland	42 279	342 108	41 379	31 601	52 418	112 557	25 642	112 370	760 354
Viken	35 460	218 886	26 592	31 123	46 937	13 654	11 384	141 915	525 951
Svalbard	1 275	5 764	109	1 655	166	10 108	563	2 161	21 801
I alt	607 491	2 845 600	302 391	272 692	370 277	967 028	120 323	1 200 849	6 686 651

» Tabelll 33 – Årsverk

	Årsverk, andel kvinner i faste stillingar	Årsverk, andel menn i faste stillingar	Årsverk, andel kvinner i mellom- belse stillingar	Årsverk, andel menn i mellom- belse stillingar	Årsverk, andel kvinner i mellom- belse stillingar	Årsverk, andel kvinner i lærlingar	Årsverk, andel menn som lærlingar	Årsverk, andel arbeids- marknad- stiftak	Årsverk, andel kvinner på arbeids- marknad- stiftak	Årsverk, andel menn på arbeids- marknad- stifta	Årsverk, andel kvinner på arbeids- marknad- stifta	Lønna årsverki alt	Frivillige årsverk	
Agder	166	51 %	49 %	19	56 %	44 %	2	31 %	69 %	5	12 %	88 %	193	18
Innlandet	320	51 %	49 %	51	40 %	60 %	0	-	-	11	20 %	80 %	382	29
Møre og Romsdal	106	55 %	45 %	23	50 %	50 %	4	47 %	53 %	3	47 %	53 %	136	14
Nordland	149	54 %	46 %	63	61 %	39 %	2	50 %	50 %	11	20 %	80 %	225	14
Oslo	993	58 %	42 %	227	58 %	42 %	2	100 %	0 %	3	52 %	48 %	1 225	12
Rogaland	278	64 %	36 %	44	74 %	26 %	1	0 %	100 %	6	39 %	61 %	328	8
Troms og Finnmark	209	66 %	34 %	66	47 %	53 %	1	0 %	100 %	4	40 %	60 %	280	9
Trondelag	426	54 %	46 %	83	57 %	43 %	1	0 %	100 %	11	43 %	57 %	522	19
Vestfold og Telemark	160	62 %	38 %	34	63 %	37 %	0	0 %	100 %	3	34 %	66 %	196	10
Vestland	458	57 %	43 %	95	60 %	40 %	5	20 %	80 %	4	29 %	71 %	562	10
Viken	263	57 %	43 %	71	70 %	30 %	27	53 %	47 %	8	35 %	65 %	369	24
Svalbard	7	85 %	15 %	2	42 %	58 %	0	-	-	0	-	-	9	0
I alt	3 533	57 %	43 %	779	58 %	42 %	46	46 %	54 %	69	31 %	69 %	4 427	167

↓ Tabell 34 – Årsverk, type stilling

	Årsverk administrasjon og leiing	Andel årsverk ad- ministrasjon og leiing, kvinner	Årsverk ministrasjon og leiing, menn	Årsverk muse- umsfagleg tilsette	Andel årsverk i museums- faglege stillingar, kvinner	Andel årsverk i museums- faglege stillingar, menn	Årsverk i teknisk stillingar	Andel årsverk i tekniske stillingar, kvinner	Andel årsverk i tekniske stillingar, menn
Agder	39	52 %	48 %	100	65 %	35 %	53	24 %	76 %
Innlandet	74	65 %	35 %	195	61 %	39 %	100	16 %	84 %
Møre og Romsdal	26	65 %	35 %	100	54 %	46 %	11	25 %	75 %
Nordland	58	67 %	33 %	121	61 %	39 %	43	16 %	84 %
Oslo	413	67 %	33 %	623	60 %	40 %	181	29 %	71 %
Rogaland	30	79 %	21 %	141	62 %	38 %	33	48 %	52 %
Troms og Finnmark	109	82 %	18 %	318	65 %	35 %	44	33 %	67 %
Trøndelag	87	68 %	32 %	374	55 %	45 %	59	28 %	72 %
Vestfold og Telemark	29	80 %	20 %	133	68 %	32 %	32	19 %	81 %
Vestland	105	75 %	25 %	320	57 %	43 %	135	43 %	57 %
Viken	76	73 %	27 %	177	66 %	34 %	93	28 %	72 %
Svalbard	2	100 %	0 %	4	45 %	55 %	3	100 %	0 %
I alt	1 049	70 %	30 %	2 607	60 %	40 %	787	29 %	71 %

» Tabell 35 – Kompetanse og kunnskapsproduksjon

	Tal tilsette med doktorgrad	Tal tilsette med autorisasjon som fyrstekonservator	Tal tilsette med autorisasjon som konservator frå Noregs museumsforbund	Tal større publikasjonar	Tal forskingsartiklar med fagfellevurdering	Andre publiserte fagartikler
Agder	9	6	9	11	4	70
Innlandet	10	7	21	19	9	69
Møre og Romsdal	6	3	3	14	7	45
Nordland	8	2	1	4	6	34
Oslo	148	14	27	62	255	123
Rogaland	25	3	13	9	26	18
Troms og Finnmark	31	1	9	4	38	53
Trøndelag	74	4	15	16	136	81
Vestfold og Telemark	3	3	6	12	2	21
Vestland	52	4	12	15	111	27
Viken	16	5	12	24	10	32
Svalbard	1	0	1	0	0	0
I alt	383	52	129	190	604	573

» Tabell 36 – Styresamansetjing

	Tal eininger	Tal museum med styre	Tal kvinnelege styreleiarar	Tal mannlige styreleiarar	Tal kvinnelege styrerepresentantar	Tal mannlige styrerepresentantar	Tal kvinnelege vararepresentantar	Tal mannlige vararepresentantar
Agder	6	5	1	4	17	15	13	18
Innlandet	10	9	2	7	28	27	17	16
Møre og Romsdal	6	6	1	5	18	16	8	12
Nordland	6	6	3	3	17	21	20	23
Oslo	19	14	5	9	43	43	24	15
Rogaland	7	7	1	6	24	33	31	29
Troms og Finnmark	14	14	4	10	43	28	38	30
Trøndelag	11	11	5	6	30	34	21	23
Vestfold og Telemark	5	5	0	5	15	13	8	16
Vestland	11	11	4	7	40	30	42	37
Viken	10	10	6	4	28	32	23	29
Svalbard	1	1	0	1	3	3	3	4
I alt	106	99	32	67	306	295	248	252

» Tabell 37 – Besøk

	Tal innbyggjarar	Tal besøk per innbyggjar	Einskildbesøk barn og unge som del av einskildbesøk i alt	Besøk i grupper i alt	Besøk i grupper barn og unge som del av gruppebesøk i alt	Besøk i alt	Besøk barn og unge som del av besøk i alt	Besøk betalande som del av besøk i alt
Agder	311 134	0,5	140 722	21 %	25 319	74 %	166 041	29 %
Innlandet	371 253	1,6	502 126	18 %	80 462	59 %	582 588	24 %
Møre og Romsdal	265 848	0,8	136 120	12 %	85 599	32 %	221 719	20 %
Nordland	240 190	1,3	267 464	17 %	56 718	42 %	324 182	22 %
Oslo	699 827	2,5	1 571 026	11 %	196 089	50 %	1 767 115	16 %
Rogaland	485 797	1,0	368 585	27 %	102 994	69 %	471 579	36 %
Troms og Finnmark	241 736	1,1	226 524	9 %	34 412	53 %	260 936	15 %
Trøndelag	474 131	1,2	470 833	29 %	100 205	74 %	571 038	37 %
Vestfold og Telemark	424 832	0,6	218 653	23 %	52 444	80 %	271 097	34 %
Vestland	641 292	1,6	844 965	25 %	185 531	77 %	1 030 496	35 %
Viken	1 269 230	0,6	714 172	19 %	89 789	59 %	803 961	24 %
Svalbard	0		12 930	10 %	1 491	68 %	14 421	16 %
I alt	5 425 270	1,2	5 474 120	19 %	1 011 053	61 %	6 485 173	25 %
								43 %

» Tabell 38 – Opningstider og billettprisar

	Tal museum med gratis tilgjenge heile året	Tal museum med gratis tilgjenge i sesong eller på enkeltdagar	Tal museum gratis for grunnskule elevar heile året	Gratis for elevar i vidaregåande skule heile året	Gjennomsnittleg pris barn	Gjennomsnittleg pris vaksen
Agder	0	4	2	2	kr 62	kr 92
Innlandet	1	9	2	2	kr 68	kr 132
Møre og Romsdal	0	6	3	1	kr 89	kr 110
Nordland	1	7	4	5	kr 50	kr 94
Oslo	0	6	9	6	kr 52	kr 136
Rogaland	0	6	3	3	kr 51	kr 94
Troms og Finnmark	0	0	1	1	kr 20	kr 100
Trøndelag	0	8	7	6	kr 34	kr 75
Vestfold og Telemark	0	8	3	2	kr 63	kr 96
Vestland	0	4	2	2	kr 61	kr 94
Viken	0	8	4	4	kr 47	kr 104
Svalbard	0	9	6	4	kr 78	kr 110
I alt	2	75	46	38	kr 59	kr 106

» Tabell 39 – Utstillingar

	Tal utstillingar	Nye utstillingar	Tal eigenproduserte vandreutstillingar	Nye eigenproduserte vandreutstillingar
Agder	117	36	4	3
Innlandet	245	88	7	2
Møre og Romsdal	181	122	49	4
Nordland	213	78	14	4
Oslo	275	52	25	10
Rogaland	175	46	8	3
Troms og Finnmark	284	108	37	9
Trøndelag	231	96	30	7
Vestfold og Telemark	152	52	1	0
Vestland	284	82	9	2
Viken	286	94	4	1
Svalbard	2	1	0	0
I alt	2 445	855	188	45

» Tabell 40 – Pedagogisk verksemd og særskilte tiltak

	Barn og unge som har delteke i organisert undervisning i alt	Barn og unge som har delteke i organisert under- visning i regi av DKS	Tal museum som har planar for formidling	Tal museum som har planar for formidling til barn og unge
Agder	19 579	5 231	4	4
Innlandet	45 847	6 670	9	9
Møre og Romsdal	25 172	8 738	6	5
Nordland	20 644	6 146	4	4
Oslo	84 811	12 718	16	16
Rogaland	71 229	8 431	7	7
Troms og Finnmark	18 214	6 408	8	9
Trøndelag	53 222	26 206	9	8
Vestfold og Telemark	41 783	31 024	5	5
Vestland	59 822	5 901	9	9
Viken	73 342	24 124	10	10
Svalbard	1 017	0	1	1
I alt	514 682	141 597	88	87

» Tabell 41 – Universell utforming

	Tal eininger	Tal museum med tilrettelagde lokale for menneske med nedsett funksjonsevne	Tal museum med tilrettelagd formidling for menneske med nedsett funksjonsevne	Tal museum med heimesider som følgde anbefalingane frå Digdir
Agder	6	4	3	5
Innlandet	10	9	7	9
Møre og Romsdal	6	6	6	6
Nordland	6	5	5	6
Oslo	19	15	14	14
Rogaland	7	7	5	7
Svalbard	1	1	1	0
Troms og Finnmark	14	11	11	10
Trøndelag	11	9	6	6
Vestfold og Telemark	5	5	5	5
Vestland	11	11	10	5
Viken	10	10	9	8
I alt	106	93	82	81

» Tabell 42 – Opne møte, konsertar, teater og besök på heimesider

	Besök på eiga heimeside	Opne møte	Konsertar	Framsyningar av teateroppsettingar	Teateroppsettingar
Agder	510 206	233	59	36	7
Innlandet	1 195 068	701	138	79	37
Møre og Romsdal	737 524	455	67	192	22
Nordland	1 767 160	557	104	213	34
Oslo	5 123 718	763	108	152	29
Rogaland	583 158	370	62	20	4
Troms og Finnmark	2 389 053	1 023	50	54	20
Trøndelag	1 061 213	329	167	335	28
Vestfold og Telemark	696 776	288	36	44	8
Vestland	1 498 483	396	504	279	28
Viken	2 654 520	464	56	100	27
Svalbard	70 000	10	0	0	0
I alt	18 286 879	5 589	1 351	1 504	244

↓ Tabell 43 – Kulturhistoriske bygninger

	Kultur-historiske bygninger i alt	Opne for publikum	Nyopna i løpet av året	Oppmålte	Tilfredsstillende registrerte	Digitaliserte	Tilgjengelege på internett	Bygninger tekne inn i samlingane	Tilvekst justert for avhending
Agder	214	91	5	214	99 %	11 %	18 %	0	0
Innlandet	1 177	524	8	1 177	81 %	74 %	61 %	1	-1
Møre og Romsdal	251	127	6	251	63 %	98 %	11 %	0	0
Nordland	413	231	3	413	97 %	89 %	64 %	0	-1
Oslo	210	108	3	200	92 %	91 %	91 %	0	0
Rogaland	261	102	3	261	94 %	93 %	68 %	0	0
Troms og Finnmark	356	185	7	356	86 %	78 %	25 %	0	0
Trøndelag	474	156	5	474	87 %	60 %	47 %	3	3
Vestfold og Telemark	300	101	9	300	91 %	91 %	68 %	1	1
Vestland	685	264	15	685	84 %	72 %	40 %	0	0
Viken	707	307	1	707	93 %	83 %	69 %	0	0
Svalbard	0	0	0	0	-	-	-	0	0
I alt	5 048	2 196	65	5 038	87 %	76 %	53 %	5	2

↓ Tabell 44 – Kunsthistoriske gjenstandar

	Kunst-historiske gjenstandar i alt	Tilfredsstillende registrerte kunsthistoriske gjenstandar	Digitaliserete kunsthistoriske gjenstandar	Kunst-historiske gjenstandar tilgjengelige på internett	vert oppbevart under svært gode eller tilfredsstillende tilhøve	Del kunsthistoriske gjenstandar som ikke rapportert	Tal kunsthistoriske gjenstandar tatt inn i samlingane	Tilvekst kunsthistoriske gjenstandar justert for avhending
Agder	2 874	81 %	79 %	12 %	94 %	0 %	84	84
Innlandet	4 157	99 %	74 %	45 %	37 %	0 %	130	130
Møre og Romsdal	3 142	69 %	38 %	20 %	89 %	0 %	659	659
Nordland	16 123	3 %	2 %	0 %	6 %	0 %	5 046	5 046
Oslo	621 199	37 %	25 %	13 %	75 %	6 %	676	603
Rogaland	15 422	96 %	50 %	33 %	96 %	0 %	153	153
Troms og Finnmark	33 677	92 %	48 %	10 %	84 %	0 %	1 031	1 031
Trøndelag	42 291	39 %	31 %	20 %	21 %	1 %	207	207
Vestfold og Telemark	20 441	80 %	58 %	14 %	83 %	0 %	2 483	2 474
Vestland	60 292	86 %	83 %	7 %	59 %	0 %	314	314
Viken	18 384	88 %	86 %	8 %	86 %	0 %	124	124
Svalbard	83	100 %	100 %	100 %	100 %	0 %	0	0
I alt	838 085	46 %	33 %	13 %	71 %	4 %	10 907	10 825

» Tabell 45 – Kulturhistoriske gjenstandar

	Kultur-historiske gjenstander	Tilfreds-stillende registrert	Digitalisert	Publisert	Del kultur-historiske gjenstandar som vert oppbevart under svært gode eller tilfredsstillande tilhøve	Ikkje rapportert	Tal kultur-historiske gjenstandar tatt inn i samlingane	Tilvekst kulturhis-toriske gjenstandar justert for avhending
Agder	129 865	70 %	38 %	19 %	64 %	0 %	361	360
Innlandet	417 578	76 %	46 %	37 %	62 %	0 %	3 204	2 788
Møre og Romsdal	120 331	49 %	39 %	21 %	63 %	0 %	479	270
Nordland	271 620	42 %	28 %	10 %	59 %	0 %	672	582
Oslo	863 385	63 %	32 %	35 %	35 %	36 %	3 725	3 219
Rogaland	288 389	55 %	43 %	28 %	77 %	0 %	3 058	3 004
Troms og Finnmark	146 313	65 %	52 %	24 %	58 %	0 %	1 348	1 346
Trøndelag	340 706	78 %	49 %	36 %	76 %	1 %	3 128	2 976
Vestfold og Telemark	258 533	66 %	47 %	25 %	67 %	0 %	577	525
Vestland	461 470	63 %	38 %	22 %	66 %	0 %	1 734	1 727
Viken	389 633	41 %	26 %	12 %	55 %	0 %	1 039	1 017
Svalbard	3 620	100 %	89 %	89 %	100 %	0 %	120	120
I alt	3 691 443	61 %	38 %	27 %	58 %	9 %	19 445	17 934

» Tabell 46 – Arkeologiske gjenstandar

	Arkeologiske gjenstandar	Tilfreds-stillende registrerte arkeologiske gjenstandar	Digitaliser-te arkeologiske gjenstandar	Arkeologiske gjenstandar tilgjengelige på internett	Del arkeologiske gjenstandar som vert oppbevart under svært gode eller tilfredsstillande tilhøve	Del arkeologiske gjenstandar der det ikke er rapportert om tilhøve for oppbevaring	Tal arkeologiske gjenstandar tatt inn i samlingane	Tilvekst arkeologiske gjenstandar justert for avhending
Agder	669	69 %	55 %	19 %	80 %	0 %	3	-4
Innlandet	10 996	92 %	44 %	41 %	100 %	0 %	0	0
Møre og Romsdal	668	100 %	100 %	100 %	80 %	5 %	0	0
Nordland	336	0 %	0 %	0 %	83 %	0 %	0	0
Oslo	2 623 743	100 %	3 %	2 %	99 %	0 %	143 322	143 322
Rogaland	1 483 488	100 %	100 %	100 %	0 %	100 %	31 894	31 894
Troms og Finnmark	330 178	100 %	100 %	100 %	5 %	0 %	7 494	7 494
Trøndelag	1 832 909	94 %	94 %	94 %	0 %	100 %	33 626	33 626
Vestfold og Telemark	1 949	99 %	73 %	42 %	100 %	0 %	0	0
Vestland	2 180 796	57 %	1 %	0 %	70 %	0 %	33 599	33 299
Viken	314	100 %	0 %	0 %	100 %	0 %	0	0
Svalbard	50 043	13 %	13 %	13 %	100 %	0 %	0	0
I alt	8 516 089	87 %	43 %	42 %	49 %	39 %	249 938	249 631

» Tabell 47 – Naturhistoriske gjenstandar

	Naturhistoriske gjenstandar	Tilfredsstillande registrerte naturhistoriske gjenstandar	Digitaliserte naturhistoriske gjenstandar	Naturhistoriske gjenstandar tilgjengelege på internett	Del Naturhistoriske gjenstandar som vert oppbevart under svært gode eller tilfredsstillande tilhøve	Ikkje rapportert	Tal naturhistoriske gjenstandar tatt inn i samlingane	Tilvekst naturhistoriske gjenstandar justert for avhending
Agder	131 288	95 %	70 %	62 %	19 %	9 %	1 604	1 404
Innlandet	6 899	52 %	35 %	14 %	53 %	0 %	22	22
Møre og Romsdal	1 656	59 %	59 %	42 %	96 %	0 %	0	0
Nordland	24 334	90 %	4 %	0 %	100 %	0 %	67	67
Oslo	6 009 010	45 %	51 %	48 %	50 %	0 %	40 000	39 900
Rogaland	33 118	65 %	22 %	22 %	90 %	0 %	2 225	2 225
Troms og Finnmark	585 837	9 %	0 %	0 %	2 %	35 %	5 672	5 672
Trøndelag	1 633 688	89 %	89 %	79 %	0 %	100 %	18 576	18 576
Vestfold og Telemark	1 526	56 %	37 %	35 %	98 %	0 %	4	4
Vestland	2 178 211	73 %	5 %	5 %	100 %	0 %	11 846	10 654
Viken	11 140	58 %	49 %	46 %	41 %	0 %	0	-3
Svalbard	714	100 %	100 %	96 %	100 %	0 %	1	1
I alt	10 617 421	56 %	45 %	41 %	50 %	17 %	80 017	78 522

» Tabell 48 – Fotografi

	Fotografi	Tilfredsstillande registrert	Med digital representasjon	Tilgjengelagt med digital representasjon	Del fotografi som vert oppbevart under svært gode eller tilfredsstillande tilhøve	Ikkje rapportert	Fotografi tekne inn i samlingane	Tilvekst justert for avhending
Agder	308 899	25 %	10 %	8 %	96 %	1 %	799	799
Innlandet	7 132 678	18 %	14 %	6 %	60 %	0 %	83 985	83 985
Møre og Romsdal	6 788 338	5 %	7 %	2 %	98 %	0 %	5 036 555	5 036 555
Nordland	1 364 150	25 %	26 %	9 %	73 %	-2 %	4 598	4 598
Oslo	7 492 848	28 %	20 %	14 %	73 %	18 %	35 142	35 142
Rogaland	1 659 132	19 %	28 %	15 %	72 %	13 %	170 658	170 658
Troms og Finnmark	1 150 190	37 %	36 %	24 %	76 %	0 %	15 050	15 050
Trøndelag	6 504 110	9 %	6 %	2 %	96 %	0 %	9 214	8 714
Vestfold og Telemark	6 597 426	24 %	4 %	2 %	20 %	44 %	7 804	7 692
Vestland	842 353	29 %	48 %	18 %	43 %	0 %	2 892	2 892
Viken	6 958 901	13 %	6 %	2 %	87 %	5 %	269 353	169 353
Svalbard	272 794	11 %	11 %	10 %	100 %	0 %	150 800	150 800
I alt	47 071 819	17 %	12 %	6 %	72 %	10 %	5 786 850	5 686 238